

OSTERØY KOMMUNE

Plan

SKJEMA FOR INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL 2023 - 2035

1. Informasjon om forslagsstiller			
Namn:	Adresse:	Tlf:	Epost:
Jan Roald Myking	Straumane 24, 5283 Fotlandsvåg	91628444	mykingjr@frisurf.no
2. Informasjon om eigedom			
Gnr. 97/7. Eigedommen ligg ved Varevegen i nærleiken av lysløypa til Fotlandsvåg Idrettslag. Forslagsstiller er ikkje heimelshavar til eigedommen.			
3. Informasjon om arealbruk idag			
Kva er arealføremålet i gjeldande kommuneplan: LNF - område			
Kva vart arealet nytta til tidlegare? Arealet var i utgangspunktet ei småbruk som ikkje har vore i drift på mange tiår, og der uthus har falle ned og bustadhus er til nedfalls.			
Kva er bruken i dag? Arealet er i dag gjengrodd og overvakse av lauvskog. Det vert d teke ut vedskog frå arealet.			
4. Informasjon om ny arealbruk			
Kva ny arealbruk er ønska? Arealet vil eigna seg til framtidretta hytteområde med berekraftig miljøprofil. Dvs. Hytter med lite areal, innovativ arkitektonisk utforming for minimal bruk av energi, vatn og avløp. Det kan også leggjast til rette for parselldyrking av grønnsaker. Som det vert vist til i samfunnsdelen av kommuneplanen har Osterøy kommune intensjon om å satsa på vidareutvikling av reiselivsnæringa og leggja til rette for at fleire får oppleva dei samfunnsverdiane som finst på Osterøy Arealet ligg i eit flott naturområde med Herlandsnesjane og Storavatnet som nære			

30.07.2022

OSTERØY KOMMUNE

Plan

attraksjonsområde og med flott utsikt både til fjord og fjell og mykje lys og sol. Vidare er det kort veg til fjellterreng og toppturar til Høgafjellet Tveitafjellet og Åsheimveten. Arealet ligg like i nærleiken av Lysløypa til Fotlandsvåg idrettslag.

Kva er bakgrunnen for endra arealbruk:

Eigedommen har i dag ingen verdi som landbruksareal. Topografisk framstår denne eigedommen som ideell for ny arealbruk som skissert i ovannemde pkt., og ein vil kunna ta vare på dei flotte landskapskvalitetar som denne eigedommen har.

Kort sagt: Utvikling av eit grønt og berekraftig reiseliv!

Beskriv omfang av planlagd arealbruk både på land og i sjø:

Planlagt arealbruk gjeld den delen av eigedommen som ligg nord for Varevegen.

Bruk av eigedommen vil krevja minimale negative naturinngrep, men vera ei foredling av eit flott naturområde.

5. Kart

Område for arealendringa skal teiknast inn på kart i målestokk $\approx 1:1000$. Underlagskart kan printast ut frå <http://nordhordland.avinet.no/> eller ta kontakt med kommunen. Kartskisse skal leggjast ved søknadsskjema. Må merkast med gnr/bnr. på det aktuelle arealet og med namn på forslagsstiller.

6. Alle arealinnspel må så langt som råd er kunna gjennomførast og vera i samsvar med mål og arealstrategi i kommuneplanen sin samfunnsdel

Er arealinnspelet i samsvar med mål i kommuneplanen sin samfunnsdel:

JA JA i stor grad NEI

Om ja: Kva mål høyrer innspelet inn under: Skriv mål:

Målet høyrer til under Osterøy kommune si satsing på besøksnæringar og ei grønt og berekraftig reiselivsutvikling.

At samfunnsdelen av kommuneplanen påpeikar at Osterøy har vore lite kjend som besøksområde, og at kommunen no vil ha reiselivsutvikling som eitt av sine fokusområde er svært positivt - og har vore eit sagn i lange tider. Det er framleis eit stort arbeid å gjera Osterøy kjend i reiselivsmarknaden både nasjonalt og internasjonalt.

OSTERØY KOMMUNE

Plan

Er arealinnspelet i samsvar med mål i kommuneplanen sin arealstrategi:

JA JA i stor grad NEI

Om ja: Kva arealstrategi høyrer innspelet inn under: Skriv arealstrategi:

Som det framgår av samfunnsdelen vil innspelet vera i samsvar med kommuneplanen om å ta vare på landskapskvalitetar og berekraftig arealforvaltning, samstundes som berekraftig grøn reiselivsutvikling vert ivareteken og gjev grunnlag for verdiskaping gjennom utvikling av framtidsetta reiselivsprodukt.

Om nei: Kva arealstrategi kan arealinnspelet kome i konflikt med:

Skjema skal sendast til epost:

post@osteroy.kommune.no

eller som post til:

Gardsnr.	Bruksnr.	Grunneigar
----------	----------	------------

**Postboks 1,
5293 Lonevåg**

VIKTIG: Merk oversendinga med «Innspelet: Kommuneplanen sin arealdel 2023 - 2035» og gnr/bnr. på det aktuelle arealet og namn på forslagsstillar

RETTLEIAR FOR UTFYLLING AV SKJEMA FOR AREALINNSPEL

1. Informasjon om forslagsstillar

Fyll inn namn på person og/eller selskap som fremjar innspel om arealendring, i tillegg til kontaktinformasjon.

2. Informasjon om eigedom

Fyll inn alle gardsnr. og bruksnr. og den personen som står oppført som eigar på dei ulike areala.

3. Informasjon om arealbruk i dag

OSTERØY KOMMUNE

Plan

Sett inn det arealføremålet som ligg i gjeldande kommuneplan. Kommuneplanen finn du på kommunen si heimeside under «Planar og styringsdokument».

Gje eit kort skildring av kva området har vore nytta til og kva det er nytta til i dag, det vil seia om det er det gamalt landbruksareal, beitemark, badeområde, utfyllingsareal eller liknande.

4. Endra arealbruk

Gje ei kort skildring av kva føremål ein ynskjer å nytta arealet til. Det skal her opplysast om kva eventuelle bygningar skal nyttast til og kva resterande areal skal nyttast til, til dømes tilkomstveg, parkering og liknande. Hugs å ta med alle detaljer.


Grunngje bakgrunnen for kvifor ein ynskjer endra arealbruk.

Gje ei kort oversikt over omfang og storleik på tiltak som er planlagd, det vil sei tal på bygg, lengde og storleik på anlegg, trong for infrastruktur, terrenginngrep og anna som er relevant for å etablera tiltaket.

5. Kart

Avgrensing av arealinnspelet må teiknast inn på eit kart i målestokk $\approx 1:1000$. Dette kan gjerast ved at ein går inn på <http://nordhordland.avinet.no/> Her vil ikkje målestokken kunne setjast til 1:1000 men bruk det som er tilnærma likt. Teikn inn avgrensing av heile området og eventuelle avgrensingar i sjølve arealet dersom det er ynskje om å avsette til fleire ulike føremål.

Dersom det er spørsmål til korleis ein utformar innspela eller det er trong for hjelp til å fylle ut eller teikne inn føremål ver snill å ta kontakt med Osterøy kommune si planavdeling på tlf: 56 19 21 00. Dersom det er ynskje om hjelp eller anna rettleiing kan de òg kome innom til servicetorget eller planavdelinga til kommunen.



EPSG:25832 N: 6720797 Ø: 314049 Målestokk 1 : 20 000 Utviklet av Asplan Viak

Utvalg Eksport Minime

KOMMUNENR	GARDSNR	BRUKSNR	FESTENR	SEKSJONSNR	TEIGID	HOVEDTEIG	EIENDOMSTYPE	Areal (m ²)
4630	97	7	0	0	46563288	false	Grunneiendom	151851.3
4630	97	7	0	0	46563263	true	Grunneiendom	80498.6
4630	97	7	0	0	6287081376	false	Grunneiendom	445.1
4630	97	7	0	0	6287081377	false	Grunneiendom	252.2